

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 08.12.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

### Innstilling til fylkestinget

1. Hordaland fylkesting vedtar i medhald av plan- og bygningslova § 7-1 Regional planstrategi 2016-2020 – Utviklingsplan for Hordaland slik som går fram av vedlegg 1 til denne saka.
2. Framdriftsplan og føringar for regional planlegging kan justerast i pakt med vedtak som blir fatta om Vestlandsregionen regionalt og nasjonalt.
3. Fylkesutvalet skal ha årleg melding om framdrift i arbeidet med gjennomføring av Regional planstrategi 2016-2020. Nøkkeltal om utviklingstrekk skal oppdaterast laupande og vera grunnlag for å vurdere status for berekraftig utvikling.
4. Regional planlegging skal vera ein viktig reiskap for regional samfunnsutvikling. Regional planlegging skal vera del av eit overordna styringssystem med felles retningslinjer for prosess, innhald og iverksetjing i tråd med gjeldande delegasjonsreglement. Fylgjande prinsipp skal leggjast til grunn:
  - Fylkestinget skal vedta to plantypar:  
Regionale planar i medhald av plan- og bygningslova  
Temaplanar i medhald av sektorlov eller kommunelov
  - Planperioden skal normalt vera 12 år for plan og 4 år for handlingsprogram til plan.
  - Fylkesutvalet skal ha overordna ansvar for planarbeid i fylkeskommunen
  - Planarbeid skal leiast av politiske organ i fylkeskommunen
  - Planarbeid skal ha stor grad av ekstern medverknad og kommunane skal ha brei representasjon i arealretta planar.
  - Planar skal ha ein gjennomgåande felles struktur der mål og handlingsprogram er obligatoriske element.
  - Effektiv iverksetjing av regionale planar skal sikrast gjennom synleg prioritering i interne strategiar, budsjett og rapporteringssystem.
  - Framdrift i arbeidet og iverksetjing skal rapporterast årleg til det utvalet som har fått ansvar for å fylgja iverksetjinga i regional planstrategi.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å konkretisera desse overordna føringane og leggja utfyllande retningslinjer fram for fylkesutvalet i eiga sak etter vedtak av planstrategien

5. Fylkeskommunen vil i perioden 2016-2020 ha fylgjande planar under arbeid. Ansvar for framdrift i arbeidet er lagt til det utvalet som går fram av tabellen.

Namn	Ny	Revi- sjon	Utval
MÅL: Høg sysselsetjing			
Regional næringsplan		X	Fylkesutvalet
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	X		Fylkesutvalet
MÅL: Klima- og miljøvenleg utvikling			
Regional transportplan		X	Miljø og samferdsel
Regional plan for godshamn i Bergensområdet	X		Miljø og samferdsel
Regional klima- og		X	Fylkesutvalet

energiplan			
Regional plan for vassregion Hordaland		X	Fylkesutvalet
Regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar	X		Kultur, idrett og regional utvikling
Regional plan for kraftutbygging		X	Kultur, idrett og regional utvikling
Regional plan for Hardangervidda		X	Fylkesutvalet
Regional plan for areal og transport i Bergensområdet	X		Fylkesutvalet
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger	X		Fylkesutvalet